

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	<ul style="list-style-type: none"> • Å forklara kva ei novelle er, og kva for kjenneteikn som er typiske for noveller • Å lesa mellom linjene og tolka ei novelle • Å skriva eigne noveller der de bruker det de har lært, saman med deira eigen fantasi og kreativitet
Engelsk	<ul style="list-style-type: none"> • Reading, writing and speaking about people who have changed the world for the better • Using present and past continuous • Recognizing and using formal and informal language
Matematikk	<ul style="list-style-type: none"> • Læra om ulike geometriske mønstre • Læra om eigenskapar til ulike polygoner og sirkelen • Læra om berekning av omkrets og areal av ulike polygoner
Samfunnsfag	<ul style="list-style-type: none"> • Kunna forklare kva som ligg i omgrepa nasjonalbygging og nasjonalisme • Kunna reflektera kring korleis nasjonalisme har bidratt til å skape meir demokrati, men óg konflikhtar, krig og undertrykking. • Utforska kva rolle nasjonalismen har i Europa i dag, og drøfte positive og negative sider.
KRLE	<ul style="list-style-type: none"> • Utforska og arbeide med sentrale trekk med kristendommen, slik det blir formidla gjennom evangelia i Det nye testamentet • Bli kjent med, og vurderer ulike kjelder til kunnskap om Jesus og dei første kristne • Kunne forklara forholdet mellom Det gamle og Det nye testamentet • Reflektera kring etikken i samband med forteljingane om Jesus i evangelia
Naturfag	<ul style="list-style-type: none"> • Utforska nokre kjemiske reaksjonar og vurderer sikkerheitstiltak som er knytt til forsøka • Bruka periodesystemet til å forklara nokre typiske eigenskapar for metall, molekylsambindingar og salt • Forklara kva massebevaring i kjemiske reaksjonar går ut på, og kunne avgjere om ei reaksjonslikning er balansert
Spansk	<ul style="list-style-type: none"> • Bruka ord og verb som HAY, ESTAR, TENER og SER for å beskriva ein by. • Futurum. Framtida • Snakka om jul
Tysk	<ul style="list-style-type: none"> • Seie kva som finst på ein stad • Handla og beskrive mat og ting • Bruka nominativ og akkusativ • Repetisjon av modalverb og eigeomsord • Førebuing til munnleg vurdering
Eng fordj	<ul style="list-style-type: none"> • Reflektera over variasjon i tenkesett, kommunikasjonsmønstre og samhandlingsformer i den virtuelle og verkelege verda • Gjera reie for eiga rolle i ulike medium og reflektera kritisk over korleis eleven framstiller seg sjølv og andre på nett

Arbeidslivsfag	<ul style="list-style-type: none"> • Dokumentera og presentera eige arbeid ved hjelp av digitale verktøy • Beskriva fleire aspekt ved ei bedrift • Reflektera over eige arbeid og arbeidsinnsats
Kroppsøving	<ul style="list-style-type: none"> • Utforska eigne moglegheiter til trening, helse og velvære gjennom dans, idrettsaktivitetar og andre bevegelsesaktivitetar • Trena på og utvikle ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar • Bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverke til framgang for andre • Øve på og gjennomføre danseaktivitetar frå ungdomskulturar og andre kulturar, og saman med medelevar skape og presentere dansekomposisjonar
Musikk	<ul style="list-style-type: none"> • Kunna laga musikk/lydbilete, og deretter få eige lydspor til å fungera til filmklipp.
Mat og Helse	<ul style="list-style-type: none"> • Planleggja og bruka eigna reiskap, teknikkar og matlagingsmetodar til å laga trygg og berekraftig mat som gjer grunnlag for god helse • Bruka sansane til å vurdere kvaliteten på matvarer, utforska og kombinera smakar i matlaginga og forbetra oppskrifter, menyar og anretning av mat • laga mat frå norsk kultur og samanlikna og utforska råvarer og matlagingsmetodar som blir brukte i ulike matkulturar
Kantine	<ul style="list-style-type: none"> • Læra om rekneskap • Læra å planleggja og gjennomføra matproduksjon for sal • Læra om marknadsføring av produkt for sal
Fys.ak.	<ul style="list-style-type: none"> • Utforska og gjennomføra varierte aktivitetar, åleine og saman med andre • planleggja, gjennomføra og vurdere eigentrening over ein periode og nytta digitale reiskapar i arbeidet
Friluftsliv	<ul style="list-style-type: none"> • Jakte, fiske og hauste frå nature og fortelje om korleis desse naturressursane kan brukas og oppbevaras • Reflektera kring allemannsrett og berekraft
Innsats for andre	<ul style="list-style-type: none"> • Gjennomføra praktiske sosiale tiltak for andre i samarbeid med andre • Følga etiske retningslinjer og tilpassa kommunikasjonen til ulike målgrupper
Olweus	<ul style="list-style-type: none"> • Klassemiljø, trinnmiljø, rykte og ryktespreiing

INFORMASJON TIL HEIMEN

Elevbedrift:

23.11 frå kl 17 -18.30 skal me ha elevbedriftsmessa. Alle elevane skal då visa fram bedriftene sine for familie og venner som ønskjer å komma å sjå. I tillegg vil ein jury vurdere bedriftene og det vil vera prisutdeling mot slutten. Elevane må møte 16.30. og

etterpå må alle elevane vera må å rydde til kontaktlærer sjekker ryddinga, har opprop og seier at klassen kan gå. Vell møtt!

Hei Verden

Då var det tida for Hei Verden igjen! I år samlar me inn pengar til landet Bangladesh. Målet er å samla inn mest mogleg pengar som skal gå til å gi barn moglegheit til å gå på skule. Elevane skal få vera med på ein kick-off måndag 20.11 kl 9 i aulaen. Dei vil óg ha nokre timar der dei skal læra meir om landet dei neste to vekene.

9.trinn skal gå med bøsser for å samla inn pengar. Me skal ha ei pengeinnsamling 29.11 frå kl 17 - 19. Då skal elevane møta på skulen og gå med bøsser. Når dei er ferdige får dei bollar og saft. Meir informasjon om dette vil komma.

Vurderingar:

22.11 skal alle elvane har skriveøkt i norsk i 1 - 3 time. Dei elevane som har spansk skal ha munnleg vurdering i veke 48. Elevane som har tysk skal óg ha munnleg vurdering i veke 48, men den skal strekke seg over i veke 49.

Foredrag Tannhelse Rogaland:

24.11 i 1.time kjem Tannhelse Rogaland og skal halda eit foredrag for 9.trinn om tannhelse.

Helsing oss på 9.trinn

HEIMEARBEID VEKE 47	
Norsk	Jobb med førebuingsheftet før skriveøkta på onsdag. Bruk tabellen me jobba med i norsktimane i veke 46.
Engelsk	Work on your speech which should be delivered on Teams. Read the task description on OneNote carefully.
Matematikk	Oppgåve 2.39, 2.43 og 2.44 på side 97 og 98 i grunnboka. Legg inn bilete av oppgåvene på ON.
Samfunnsfag	Les « Nasjonalisme som samlar » på aunivers, og skriv ned ord og setningar som du meiner er viktige for å lære og forstå innhaldet. Skriv på OneNote.
KRLE	Les «Forteljningane om Jesus – evangelia» Gjer oppgåve 2,4,5,6 og 9 i «Finn svaret» som står til slutt i kapitelet.
Naturfag	Lekse etter avtale med faglærer.
Spansk	Spørjeord gloseprøve. Torsdag. Dette er en viktig kompetanse til munnleg prøve !
Tysk	Sjå ON, førebuing til munnleg vurdering
Eng fordj	Jobba med presentasjonen (Innlevering seinast 30/11).
Arbeidslivsfag	Arbeid med presentasjonen av arbeidsplassen din og kva du har lært/gjort i arbeidslivsfag denne hausten. Snakk med arbeidsgivar for å få tak i relevant informasjon. Informasjon om kva du skal ha med og vurderingskriteria ligg på teams. Du skal vera klar til å presentera 5.desember.
Kroppsøving	Turn og Hip-Hop

Musikk	Me jobbar i klasserommet med å laga filmmusikk. Ta med opplada iPad og øyrehøgtalarar. Dersom du ikkje får den progresjonen i timane som lærar krev, må du jobbe heime for å henge med.
Mat og Helse	Me skal laga: <ul style="list-style-type: none"> • Julegeit (eige ark) • Risgrøt (oppskrift på pakke) • Kanelstenger s.141 og Serinakaker s.139
Fys.ak.	Legg inn opplegg for eigentreninga på ON. Hugs god dokumentasjon frå økta.
Friluftsliv	Prosjektarbeid. Møt i 9A sitt klasserom.
Innsats for andre	Skriv logg (ON) etter kvar jobbdag.

HEIMEARBEID VEKE 48	
Norsk	Gjer om handlinga i teikneserien du finn på OneNote til ei kort novelle med «in medias res»-innleiing, midtdel og avslutning. Vel sjølv om synsvinkelen skal vera hjå Henriette eller Påsan. Skriv ca 250 ord på OneNote.
Engelsk	Work on your speech which should be delivered on Teams. Read the task description on OneNote carefully.
Matematikk	Oppgåve 2.47, 2.49 og 2.50 på side 102 og 103 i grunnboka. Legg inn bilete av oppgåvene på ON.
Samfunnsfag	Les «Nasjonalisme som splittar» på aunivers, skriv eit avsnitt der du reflekterer rundt spørsmålet «kan ein vere stolt av nasjonen ein tilhøyrer, utan å sjå ned på andre nasjonar?» prøv å bruke dagsaktuelle hendingar i refleksjonen din. Skriv på OneNote.
KRLE	Les «Evangeliet etter Lukas». Gjer oppgåve 1,2,3 og 4 «Finn svaret»
Naturfag	Lekse etter avtale med faglærar.
Spansk	Øv til muntlig prøve.
Tysk	Sjå ON, førebuing til munnleg vurdering (veke 49)
Eng fordj	Jobba med presentasjonen (Innlevering seinast 30/11).
Arbeidslivsfag	Arbeid med presentasjonen av arbeidsplassen din og kva du har lært/gjort i arbeidslivsfag denne hausten. Snakk med arbeidsgivar for å få tak i relevant informasjon. Informasjon om kva du skal ha med og vurderingskriteria ligg på teams. Du skal vera klar til å presentera 5.desember.
Kroppsøving	Hip-Hop og Kabaddhi (Idrett fra Bangladesh)
Musikk	Me jobbar i klasserommet med å laga filmmusikk. Ta med opplada iPad og øyrehøgtalarar. Dersom du ikkje får den progresjonen i timane som lærar krev, må du jobbe heime for å henge med.
Fys.ak.	Legg inn opplegg for eigentreninga på ON. Hugs god dokumentasjon frå økta.
Friluftsliv	Framføring av prosjektarbeid. Møt i 9A sitt klasserom. Bålkos i ariet neste veke.

	Ha gjerne med sittunderlag, pinnebrød deig, kakao e.l.
Innsats for andre	Skriv logg (ON) etter kvar jobbdag.

Bryne ungdomsskule 